

Takk for alle innlegga om Dr. Haugen

01.01.2015



**Tida er inne for å stoppa serien om Dr. Haugen. Dette gjer vi fordi vi frå nyttår legg om nettsida [uskedalen.no](http://uskedalen.no) og treng tid til å finna ei løysing på korleis vi skal samla og arkivera innlegg som sorterer under overskrifta Historisk stoff i venstre kolonne.**

Av redaksjonelle grunnar vil det og vera rett å stoppa serien i den form den har no, lagt ut som Nyhende. Takk til alle som har sendt oss gode historier og minne,- til saman over 30 innlegg når alt er lagt ut. I nyårshelga legg vi ut det som ligg på vent.

Redaksjonen understrekar at innsamlinga likevel held fram. Vi oppmodar alle som les uskedalssida, og som har minnestoff om Dr. Haugen om å senda e-post til redaksjonen. Vi vil og ta kontakt med personar som kjende legen og til tider utførte helsetenester saman med han.

Etterkomarane etter Dr. Haugen er kjend med tiltaket. Saman med dei vil vi drøfta kva vi gjer vidare. Det er rimeleg at resultatet ein gong vert ei bok eller eit minneskrift om den ordknappe, slagferdige og folkekjære distriktslegen i Kvinnherad.

Tekst: Kristian Olav Bringedal  
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003  
Nett: Thor Inge Døssland